



**Tipping i Jokerbutikken.** Torsdag 14 .mai vert ein merkedag i Velledalen. Frå denne dagen (klokka 12.00) slepp velledalingane reise lenger enn til Brunstad for å spele vekk nokre kroner.....eller skaffe seg litt helgaspenning..... eller bli millionær.

Vi har hatt tipping i Velledalen før. Dei som er eit stykke over konfirmasjonsalder vil hugse at legendariske Ola Flem hadde rette dreisen når han ”slo inn tippekupongen. Skilnaden no er at det finst så mange fleire tilbod enn fotballtipping. Butikkdamene våre har vore på kurs og skulert seg.

Då sjåast vi i Jokerbutikken torsdag. Der vert det tipping frå klokka 12.00, og sjølvsagt kaffi og kake.

**Grendahuset treng vaktmeister.** Det er ledig stilling som vaktmeister ved Velledalen grendahus, 7,5 timar pr.veke. –Vi søkjer ein person som kan arbeide sjølvstendig, og som kan vere fleksibel i høve til arbeidstid, heiter det i utlysinga.

Søknadsfrist er 24.mai, og ein kan få meir informasjon ved å vende seg til Kristin Grebstad tlf. 915 22 451 Søknaden skal sendast til Velledalen grendahus, v/Kristin Grebstad, Hjorthol, 6220 Straumgjerde.

### **Ingen frivilleg avtale**

Det er no klart at det ikkje blir nokon frivilleg avtale mellom grunneigarane på Drabløs og Sykkylven kommune med omsyn til lysløype for langrenn i Ladalen.

Kommunen gav fyrst eit tilbod på fem kroner pr. løypemeter (1910) pr år. Dette vart ikkje godteke. Kommunen plussa på tilbodet til 8 kroner pr. løypemeter, noko som ville utgjort ei årsleige på 15 280 kroner pr.år.

Heller ikkje dette vart godteke. I staden kom det forslag til avtale frå Drabløs grunneigarlag i etterkant av eit møte i grunneigarlaget i april. Der kravde dei 100 kroner pr. løypemeter pr. år. Denne prisen skulle indeksregulerast, og ei planlagt tidtakarbu var ikkje inne i avtalen. Dette ville bety ein grunnleigepris pr. år på 191 000 kroner for sjølvve løypa. Det er liten grunn til å tru kommunen sine menn og kvinner spratt i taket av eit slikt tilbod.

**17. mai i Velledalen.** Vi tek med nokre viktige punkt i programmet

- Toget startar klokka 14.00 frå Brunstad
- Programinnslag ved Velledalen skule og Velledalen barnehage
- Fiolinspel av Emma Holmberg og Bjørnar Akselvoll Lade
- Tale for dagen ved Hanna Relling Berg (redaktør i Sunnmørsposten)
- Svein Helge Hjorthol les/fortel om Gilsteinen på Velle.
- Velledalskoret
- Korpset spelar
- Leikar for born og vaksne
- Sal av rjomegraut, kaffi, kaker, pølser m.m
- Programmet vert innandørs uansett vêr

Nyhende frå Dalen: Les [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net)

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.